



Festivalområdet kl.11.

**I dag har dugnadstrøkket sett inn for fullt på Festidalen-arenaen på Dønhaug. Det starta allereie i føremiddag, men auka kraftig på etter arbeidstid. Utpå dagen kom det også så kraftig regn at ein kunne verta motlaus av mindre. Men det skal meir til å stoppa denne gjengen. Arbeidet gjekk med like godt humør som det hadde gjort i skyfritt vær!**

Då eg var oppom Dønhaug i 11-tida i føremiddag var gruppa som har ansvar for telt, benker og bord godt i sving. Dei hadde full kontroll. 4 av dei 5 hadde vore med i fleire år medan ein hadde erfaring frå nedrigginga i fjor. Det er verd å merka seg at 3 av dei fem er faste campinggjester medan dei to andre er frå Husnes og Uskedalen. Dette understrekar den felles innsatsen bak Festidalen. Heile Kvinnherad og vidare med står bak den.

I tillegg trefte eg på Steinar Haugland og Svein Ove Kjerpeseth som diskuterte det elektriske opplegget, og det er ikkje noko småttri. Like etterpå køyrde Steinar ut seksjonar til gjerdet som skal setjast opp på Festivalcampen og elles rundt på heile området. Opphaldsver var det, og innimellom skein føremiddagssola.



Kl.11: Steinar Haugland og Svein Ove Kjerpeseth diskuterer det elektriske opplegget.



Kl.11: Teltgruppa i gang med oppsetjing





Kl.11: Transport av gjerdeseksjonar.

Utover dagen sette regnet skikkeleg inn, og då eg køyrde til Dønhaug i 17.30-tida, hølja det slik ned at eg lurte på om dei fekk gjort noko i det heile. Der tok eg heldigvis feil. Då eg kom opp på arenaen var telta oppe, og det krydde med gode og arbeidsvillige dugnadsfolk. Eg trur mest ikkje det var ei bygd i Kvinnherad som ikkje var representert, og arbeidet gjekk unna på alle plan. Imponerende! Veldig mange hadde vore med før og visste akkurat korleis oppgåvene skulle løysast.

Regnet var så kraftig at det gjorde fotograferinga vanskeleg. Seinare letta heldigvis veret og gjorde arbeidsforholda betre for den imponerende dugnadsgjengen.



Kl.17.30: Denne stordabuen bardunerer teltet skikkeleg



Kl.17.30: Elektrikarane Helge Sunde og Svein Ove Kjerpeseth i arbeid



Kl.17.30: Dugnadsarbeid i høljregn.





Trucker, traktorar og lastebil var i sving.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland